

Snø og dugnad i Fjellhaugen.

17.11.2015



Kvitt dekke i Fjellhaugen på laurdag.

**Det nærmar seg vinter og skisesong, og snøen har byrja å visa seg fram i høgare landskap. Også i skianlegga i Fjellhaugen har den første snøen lagt seg. Biletet er teke laurdag føremiddag, og no vert det spennande å sjå framover om veret vert vert på skientusiastane si side. Førebuingane til sesongen er godt i gong med dugnadsarbeid.**

Laurdag kl.10 vert det dugnad i skitrekket. Det vert varierte arbeidsoppgåver. Dei som kan tenkja seg å vera med og gjera ein innsats, kan senda ei melding til [driftleder@fjellhaugen.no](mailto:driftleder@fjellhaugen.no).

Til same epost-adressa kan ein også melda frå om ein kan tenkja seg å vera med og hjelpe til med drifta gjennom sesongen. Dei har m.a. behov for vaksne til å drive kiosk og varmestove. Fjerde kvar onsdag kveld, lørdag og søndag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Fjellhaugen skisenter